Vi presenterer listetoppen for Pensjonistpartiet i Sogn og Fjordane

Knut Inge Andersen
er vår førstekandidat.

Han er fødd i 1963 og er oppvaksen i Dale og på Nordfjordeid. Knut Inge er tilsett i Equinor som sivilingeniør men er og ein erfaren fylkespolitikar i Vestland. Frå 2019 har han mellom anna vore medlem av Fylkesutvalet, Kulturutvalet og er sidan 2023 medlem av Kontrollutvalet i fylket.

Det er få som kjenner Sogn og Fjordane betre enn Knut Inge. Regionen kan med han få ei tydeleg stemme ved Stortingsvalet i 2025.

Kjende personar frå heile Vestland stiller opp for å fremje di sak!

Livsglede i fokus!
VI BRYR OSS!

PENSJONISTPARTIET

Stortingsvalet FOR SOGN OG FJORDANE 2025

1	Knut Inge Andersen	5258 Blomsterdalen
2	Yngve Almenning	6783 Stryn
3	Nils-Ole Hauge	6940 Eikefjord
4	John Bendiksen	6817 Naustdal
5	Anne-Mari Aalberg	6770 Nordfjordeid
6	Karin Bjærum	5354 Straume
7	Mona Yvonne Hopen	5239 Rådal
8	Bente Charlotte Larsson	5114 Tertnes
9	Vibecke Tvedt Bruvoll	5253 Sandsli
10	Arild Crovo	5053 Bergen

I ÅR RØYSTAR VI PÅ:

Pensjonistpartiet
Partiet for hele familien

STORTINGSVALET 2025 Sogn og Fjordane

Barn, unge, vaksne og eldre,
- frisk eller ufør? Pensjonistpartiet er for alle!

TIL STORTINGSVALET RØYSTAR VI PÅ:

VI BRYR OSS

Pensjonistpartiet
Partiet for hele familien

Samferdsel:
Med livet som innsats langs vegane – ikkje akseptabelt



Alt for mange av vegane våre er rasfarlege
Arbeidet med rassikring skal difor ha høgste fokus og prioritet i kommande periode. Likevel er det ikkje berre rasfare som gjer at ein fleire stader køyrer med livet som innsats.

Smale og uoversiktlege vegar saman med dårleg og manglande vedlikehald skaper også farlege situasjonar. Særleg er mange av skulevegande dårleg sikra. Vi seier ja til gode og trygge kvardags-vegar der folk bur.

For dårlege rutetilbod med buss og båt i heile fylket

I disse klima- og miljøtider vert alle oppfordra til å reise kollektivt. Ikkje alltid så enkelt med dagens rutetilbod.

Mange stader opplever reisande at det ikkje går offentleg transport når behovet er der. Det er for få reisande, seier selska-pa og fylket. Ja det kan nok stemme. Men dårleg rutetilbod har medført at folk heller reiser med eigne køyretøy.

Pensjonistpartiet prioriterer innbyggjarane si framkommelegheit, med låge billettprisar med båtar og bussar som går på oppsett rutetid– framfor fleire kostbare elektrifise-ringsprosjekt.

Pensjonistpartiet
Partiet for hele familien

Kven er vi og kva står Pensjonistpartiet for

Pensjonistpartiet (PP) er eit landsfemnande politisk parti stifta i 1985. Vi har fleire tusen medlemmer og er representert i kommune-styrer og fylkesting landet over.

Det er no over ein million pensjonistar i Noreg. Uføre og pensjonistar er kjerneveljarane våre og det er difor vi har særleg fokus på denne gruppa. PP er for alle. Vi har eit program som femnar heile livsløpet frå barn og unge, via familesaker til eldromsorga.
PP er partiet for heile familien! Nedanfor ser du en del av dei sakene vi jobbar for. PP er alternativet no!

Her er nokre av kjernesakene våre:

- Kommuneøkonomien må styrkast kraftig
- Vi må styrke nærheitsprinsippet, tenester der folk bur
- Minstepensjonen skal løftast til over fattigdomsgrensa
- Vi vil auke bustøtta
- Vi meiner tannbehandling skal vere gratis
- Vi vil ha gratis parkering på alle helseinstitusjonar
- Vi må styrke og byggje opp under det nynorske språket. Nynorskhovudstaden bør liggje i Sogn og Fjordane.
- Pensjonistpartiet er mot eigedomsskatt
- Vi må kutte ut bygging av EL ferjer og EL hurtigbåtar på lange strekk
- Vi vil ha betre rassikring av vegane i hele fylket
- Vi vil styrke studiestadane i Sogndal og Førde
- Straumprisen skal ned og ikkje koste meir enn 50 øre pr. kwh
- Vi er imot vindmøller i norsk natur
- Vi ha helsetilbod og omsorgsplassar nær heimen til folk

Dette er nokre av sakene våre.
Sjå også : www:pensjonistpartiet.no